



Tekst:  
Kenneth Kiplesund

# To segner frå Nordmøre

Denne artikkelen tek for seg to segner: Den eine er frå Aure kommune, og den andre er frå tidlegare Tustna kommune (samanslege med Aure kommune i 2006). Artikkelen er basert på to tekstar som vart publisert i "Årbok for Aure Historielag", 2011. Lettare omarbeidd for publisering i "Folkeminner".

## Susanne P. Krabbe og gullringen

Her skal vi sjå litt nærmare på livet til prestedottera Susanne P. Krabbe, og den segna som finst om henne. Det vert også kasta ljøs over lagnaden til to andre kvinner i Krabbe-slekta.

## Kort om Krabbe-slekta

Peder Lauritsen Krabbe (f. 1596 i Surnadal) byrja som sokneprest i Aure i 1623. Far hans heitte Lauritz Krabbe (d. 1619). Peder fekk i alt 12 born, m.a. Lars Pedersen Krabbe (f. 1626, tok over som sokneprest etter faren) og Susanne Pedersdotter Krabbe (f. 1627). Det skal også nemnast at Peder i 1663 oppretta eit legat, der pengane skulle gå til dei fattige i soknet.

Susanne P. Krabbe vart gift med Lars Bastiansen Stabell (levde ca. 1604-1669), som var borgarmeister i Trondheim. Alt låg til rette for eit godt liv reint materielt. Men dette ekteskapet tok slutt etter ei tid, og Su-

sanne kom fattig attende til Aure. Ho enda sine dagar i ei lita stove på husmannsplassen Skiphamna i Aursundet.

## Segn etter oppskrift frå A. Faye

I folketradisjonen frå Aure vert Susanne framstilt som overlegen og fæl til å skryta, etter som ho var dotter til den rikaste mannen på Nordmøre. Dette har det etter kvart utvikla seg ei segn omkring, der det finst visse drag av historisk sanning. Ein av pionerane for segn-innsamling i Noreg, presten Andreas Faye, tok denne segna med i «Norske Folke-Sagn» i 1844. Faye har gjeve segna tittelen «Den overmodige Prestedatter», og her fylgjer teksten ordrett etter boka:

*Paa Oure Prestegaard paa Nordmør boede for et Par Aarhundreder siden en Prest, Hr. Laurits Krabbe, som havde en Datter Susanne. Overmodig tog hun en Dag sin Guldring af Fingeren og slængte den fra*

*Bryggen ud i Søen med de Ord: "Ligesaa umuligt som det er for mig at faae Ringen igjen, saa umuligt er det og for mig at blive fattig."*

*Nogle Dage derefter kom en af Gaardens Husmænd med fersk Fisk til Prestegaarden og i en af Fiskene blev Ringen funden. Det onde Varsel gik ogsaa i Opfyldelse. Susanne, som blev gift med en Borgermester i Throndhjem, kom i sin Alderdom tilbage til Oure, og boede i største Fattigdom paa Husmandspladsen Skibshavnen, hvor hun ikke havde andet at leve af end Renterne af en liden Capital, som hendes Bedstefader havde givet til Sognets Fattige.*

*Hendes Bedstefader Peder, hendes Fader Laurits og Broder Peder Krabbe, gift med Biskop Krogs Søster Sidsel, vare Sogneprester til Oure næsten hele det 17de Aarhundrede.*

### **Om segnoppskrifta**

Denne forteljinga er ei vandresegn av gammalt opphav, i faglitteraturen vert denne segntypen kalla «Polykratessagnet». Grunnen til dette er at historieskrivaren Herodot fortel ei liknande historie om den greske tyrannen Polykrates, som var herskar over øya Samos frå ca. år 540 til 520 f.Kr.

Noko ein legg merke til når det gjeld denne segnoppskrifta, er at informanten har blanda i hop personar i Krabbe-slekta. Det står blant anna at Susanne var dotter av Laurits Krabbe (men han var altså farfar hennar) og at Peder var bestefar hennar (han var far hennar).

Forklaringa til denne samanblandinga er truleg at det også var to andre kvinner med

namnet Susanne i denne slekta, og at også dei enda livet sitt på omtrent same måte som den vi les om i segna:

Den eine var Susanne Larsdotter Krabbe, dottera til Lars P. Krabbe, som er nemnd tidlegare. Faktisk enda også ho sine dagar, i Skiphamna, i fattige kår. Altså på same måte som tanta si, Susanne Pedersdotter Krabbe.

Og den andre som fekk ein syrgjeleg lagnad var Susanne Larsdotter Stabell. Ho var dotter av Susanne Pedersdotter Krabbe og Lars Bastiansen Stabell, som før er nemnde. Denne Susanne vart gift på Edøya på Smøla. Mannen hennar døydde tidleg, og Susanne sat att med gard og fem små born. Ho gifta seg opp att med ein mann frå Trondheim. Etter dette vart det problem med drifta og økonomien på garden. Susanne fekk problem med å betala for seg. På grunn av dette og andre uregelmenterte tilhøve reiste onkelen hennar, sokneprest Lars P. Krabbe, sak mot henne. Susanne tapte saka, og fekk det enda vanskelegare. Det heile enda med at ho selde Edøygarden, og flytta til ein annan gard på øya, Kyrhaug. Men heller ikkje denne garden makta ho å halda på; ho døydde i armød i byrjinga av det attande århundret.

### **Litteratur**

Berg, Aashild (1983): Smøla bygdebok, band 2. Hopen (?): Smøla kulturstyre  
Claudius, Ivar og Orten, Per Eilert (1996): Peder Lauritsen Krabbe. 1596-1686 Aure: Aure kommune  
Oterhals, Leo (1989): Inn fra havet. Molde: P.R. Consult

## Nettsider

[http://www2.hf.uio.no/eventyr\\_og\\_sagn/index.php?id=%2053920](http://www2.hf.uio.no/eventyr_og_sagn/index.php?id=%2053920)

<http://no.wikipedia.org/wiki/Polykrates-sagnet>

<http://snl.no/Krabbe#menuitem9>

<http://leskjerv.seria.no/aner/0007/9127.htm>

## Svartedauden på Tustna

Ei segn frå øya Stabblandet fortel at omtrent alle menneska som budde der døyde av sotten. Berre i Fjelnesdalen og på Soleim var det overlevande. Ungguten som levde att i Fjelnesdalen kleiv til fjells og såg etter røyk som livsteikn frå andre menneske. Han såg røyk i nordvest og følgde røyken ned til Soleim, der han fann ei ungjenta som òg hadde overlevd som det einaste andre mennesket på heile Stabblandet. Desse to flytte så saman i Fjelnesdalen og sette bu der. Slik vart dei opphavet til nye slekter på Stabblandet.

## ”Sigrid og Knut”

Diktaren Jørgen A. Gravvold (1930-2005) frå Surnadal skreiv ein songtekst med bakgrunn i denne historia, som fekk tittelen ”Sigrid og Knut”. Visesongaren Kolbjørn Botten (f. 1942) frå Halså sette melodi til, og i 1981 vart visa sunge inn på LP-plata ”På gamle tufter” av gruppa ”Skuggsjå”. Med løyve frå Botten og etterkomarane til Gravvold gjev vi her att teksten, som er henta frå samlinga ”Ville blomstra”:

*Og svartedauden herja i tretten førti-ni,  
og halve folket døyde i pine.*

*På Tustnastabblandet fekk berre to gå fri  
frå sotta som tok alle dei hine.*

Omkrvede:

*Eg lengtar etter deg.*

*Du lengtar etter meg.*

*Det er så vondt å leva åleine*

*I Fjellingsdalen gjekk han så einsleg att, han  
Knut,*

*da far og mor låg bleike på båre.*

*Og vest i Solheimsundet ho Sigrid såg mot nut  
med augo som av sagnad var såre.*

*Så tok dei ut på leiting, for inga sjel er nøgd  
med det å vildre einsam i verda.*

*Og segna, ja ho seier dei møttest på ei høgd.*

*Slik vart det mål og meining med ferda.*

*To augnepar fann kvile, to trøytt sinn fekk fred.*

*To unge kjende kjærleikens styrke.*

*Til Fjellingsdalen bar det, og der dei slo seg ned,  
forutan prest og signing i kyrkje.*

*Så lova dei kvarandre å leva der i lag,  
og fjell og fjord var vitne til orda.*

*Og trugne mot sin lovnad, det var dei all sin dag,  
og fekk si løn av sjøen og jorda.*

*Og svartedauden herja i tretten førti-ni,  
og fattigmann og rik måtte vandre.*

*Men nye ætter føddest på Stabblandet, fordi  
ho Sigrid og han Knut fann kvarandre.*

## Andre variantar av segna

Det finst fleire variantar av denne segna: I ein annan versjon heiter det at fleire personar kom seg unna pesten, og at alle flytta til Fjelnesdalen. Og i ei segn frå sjølve øya Tustna høyrer vi om ein mann og dei to døtrene hans som flyktar til Gullsteinsdalen for å unngå sjukdomen. I Gullsteinsdalen døyr mannen (av andre årsaker enn sotta), og døtrene gravlegg han der. Men jentene

bergar seg, og vert slik dei einaste overlevande i Gullsteinsdalen.

### Bakgrunnen for segnene

«Svartedauden» var ei kjempekatastrofe for Noreg; berre ein tredel av folkesetnaden overlevde pesten. Dei fleste som var skrive- og lesekyndige døydd, og slik vart det norske tale- og skriftspråket sakte men sikkert radert bort. Etter kvart kom vi i union med Danmark, og mista slik det politiske sjølvstendet vårt.

Slikt sette djupt avtrykk hjå folk, og det er difor ikkje merkeleg at «Svartedauden» er eit motiv som går att i svært mange segner. Den segna som er best kjend her i landet, er den om ”Jostedalsrypa”. Svartedaudsegnene gjev eit realistisk uttrykk for konsekvensane av pesten, sjølv om ikkje alle detaljane er historisk korrekte.

### Litteratur

Gravvold, Jørgen (2006): Ville blomstra. Skei (?): Surnadal Heimbygdlag

### Nettsider

[http://www.historielaget.jostedal.no/?page\\_id=10](http://www.historielaget.jostedal.no/?page_id=10)

<http://www.hf.uio.no/ikos/tjenester/kunnskap/samlinger/norsk-folkeminnesamling/sagn/vandresagn.html>

<http://home.svorka.net/~eistein/skuggsjaa.htm>

[http://no.wikipedia.org/wiki/Svartedauden#Svartedauden\\_i\\_Norge](http://no.wikipedia.org/wiki/Svartedauden#Svartedauden_i_Norge)

<http://nn.wikipedia.org/wiki/Tustna#Svartedauden>

[http://sl.no/sml\\_artikkel/svartedauden](http://sl.no/sml_artikkel/svartedauden)

Alle segn-variantane som er nemnde ovanfor kan plasserast i kategorien vandresegner, altså segner som ein kan finna att på fleire stader i Noreg (og utanlands). På ein enkel måte får desse historiene fram noko viktig: Det var ikkje mange som overlevde sotta, men livet vende likevel attende.

### Om forfatteren

*Kenneth Kiplesund (f. 1984), busett i Aure. Utfører p.t. registrering av lokale kulturminne på [www.kulturminneatlas.no](http://www.kulturminneatlas.no), på oppdrag frå kulturavd. i Aure kommune. Er elles skribent på friviljug basis. Kiplesund har vore frilansar i fleire aviser, og skreve artiklar om bl.a. historiske og kulturelle emne i t.d. “Du mitt Nordmøre” og nettstadane Lokalhistoriewiki og Digitalt Fortalt.*